



# Kviteseid kommune

## Møteprotokoll

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Brunkeberg, Kommunehuset  
**Dato:** 27.04.2017  
**Tidspunkt:** 09:00- 13:30

### Fylgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerar
Solveig Nekstad Grave	Medlem	AP
Tore Åsland	Medlem	AP
Bjørn Nordskog	Medlem	SP
Tarjei Andreas Draugedal	Varaordfører	KRF
Jon Ingebretsen	Medlem	MDG
Anne Birgit Sollid	Medlem	SP
Tarjei Gjelstad	Ordfører	AP

### Fylgjande medlemmer møte ikkje:

Namn	Funksjon	Representerar
------	----------	---------------

### Fylgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerar
------	-----------	---------------

### Fylgjande frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Øystein Tveit	Rådmann
Lothar Edel	Økonomisjef

Utvalet vedtok å handsame sak 52 i møte.  
Formannskapet avslutta møte med synfaring på dei nye omsorgsbustadene.

## Saksliste

Utvals- saksnr.	Innhald	Lukka
PS 34/17	Godkjenning av protokoll	
PS 35/17	Referatsaker	
PS 36/17	IKT-konsulent - utlysing av stilling	
PS 37/17	K - 19/2 - Østenå nordre - Oppføring av varmebu - dispensasjon	
PS 38/17	K - 13/3 - Straumen - Mindre planendring Straumen hyttefelt (Straumen I) - godkjenning	
PS 39/17	K - 34/2 - Sundet - Deling av egedomen - dispensasjon	
PS 40/17	K - 13/3 - Straumen, Vråvegen 21 - Massetak - lovbrotsgebyr - klage	
PS 41/17	K - 15/48 m.fl. - Reguleringsplan Fossøy - mindre planendring	
PS 42/17	K - 14/55 - Roarfeltet tomt 14 - tomt som tilleggsareal til g/bnr 14/193 - dispensasjon	
PS 43/17	K - 5/1 - Vrå nordre - Uttak av sprengt stein frå dyrka mark - dispensasjon	
PS 44/17	K - 81/14 - Brattland - deling - dispensasjon	
PS 45/17	K - 103/5 - Heggveit nordre - frådelling av tomt med heilårsbustad - dispensasjon	
PS 46/17	K - 13/3 - Dispensasjon masseuttak - lovleghetskontroll av formannskapsvedtak - uttale	
PS 47/17	Rullering av kommuneplanen - varsling av planstart - forslag til planprogram - høyring/offentleg ettersyn	
PS 48/17	Vedlikehaldsplan for kommunale vegar - 2017	
PS 49/17	Finansiering kloakkpumpeledning frå Vrådal Skisenter til Vrådal reinseanlegg	
PS 50/17	Søknad om tilskot - Morgedal Hotell	
PS 51/17	Årsrekneskap 2016 - Kviteseid kommune	

## PS 34/17 Godkjenning av protokoll

### Saksprotokoll i Formannskapet - 27.04.2017

#### Behandling i møtet:

Jon Ingebretsen kom med merknad om at han har gått inn som fast medlem, istaden for Elsa Ann G. Hauglid. Dette vert retta i protokollen.

#### Vedtak:

Protokollen vart samrøystes vedteken, med ovannemnte merknad.

## **PS 35/17 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 27.04.2017**

#### **Behandling i møtet:**

Delegerte vedtak frå Interkommunalt plankontor vart lagt fram i møte.

Brev frå Interkommunalt plankontor til Vrådal golf og Hyttepark AS vart lagt fram i møte.

#### **Vedtak:**

Begge referatsakene lagt fram i møte vart teke til orientering.

## **PS 36/17 IKT-konsulent - utlysing av stilling**

#### **Rådmannen si tilråding:**

Kviteseid kommune lyser ut stilling som IKT-konsulent i inntil 100% stilling. Storleiken på stillinga avheng av kor mykje oppgåver som vert lagt til stillinga.

### **Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 27.04.2017**

#### **Behandling i møtet:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kviteseid kommune lyser ut stilling som IKT-konsulent i inntil 100% stilling. Storleiken på stillinga avheng av kor mykje oppgåver som vert lagt til stillinga.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 27.04.2017**

#### **Behandling i møtet:**

Administrasjonsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kviteseid kommune lyser ut stilling som IKT-konsulent i inntil 100% stilling. Storleiken på stillinga avheng av kor mykje oppgåver som vert lagt til stillinga.

## **PS 37/17 K - 19/2 - Østenå nordre - Oppføring av varmebu - dispensasjon**

#### **Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet gjev i medhald av pbl §19-2 dispensasjon for oppføring av ei varmebu på eigedomen g/bnr 19/2, med plassering slik alternativ 1 i søknaden skisserer.

Tiltaket (under 50 m2 BYA) er ikkje søknadspliktig som byggesak, korkje etter pbl § 20-3 eller §20-4, såframt bygget ikkje skal nyttast til overnatting.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 27.04.2017**

**Behandling i møtet:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Formannskapet gjev i medhald av pbl §19-2 dispensasjon for oppføring av ei varmebu på eigedomen g/bnr 19/2, med plassering slik alternativ 1 i søknaden skisserer.

Tiltaket (under 50 m<sup>2</sup> BYA) er ikkje søknadspliktig som byggesak, korkje etter pbl § 20-3 eller §20-4, såframt bygget ikkje skal nyttast til overnatting.

**PS 38/17 K - 13/3 - Straumen - Mindre planendring Straumen hyttefelt (Straumen I) - godkjenning****Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet godkjenner i medhald av pbl §12-14 som mindre planendring, ei endring av reguleringsplanen *Straumen hyttefelt (Straumen I)* slik vedlagte forslag til planføresegner og plankart syner.

**Saksprotokoll i Formannskapet - 27.04.2017****Behandling i møtet:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Formannskapet godkjenner i medhald av pbl §12-14 som mindre planendring, ei endring av reguleringsplanen *Straumen hyttefelt (Straumen I)* slik vedlagte forslag til planføresegner og plankart syner.

**PS 39/17 K - 34/2 - Sundet - Deling av eigedomen - dispensasjon****Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå deleforbodet i LNF-område for frådeling av ei ca.15 dekar stor tomt rundt tun og bygningar på g/bnr 34/2, slik det er søkt om. Dispensasjonen er gitt under føresetnad av at det i eiga sak er gitt delingssamtykke etter jordlova der eventuelt vilkår for slikt samtykke må oppfyllest før delinga kan finne stad. Formannskapet gir samstundes delingsløyve etter pbl §20-1 m) for den same tomte, med verknad frå det tidspunktet dispensasjonsvilkåret er oppfylt.

**Saksprotokoll i Formannskapet - 27.04.2017****Behandling i møtet:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå deleforbodet i LNF-område for frådeling av ei ca.15 dekar stor tomt rundt tun og bygningar på g/bnr 34/2, slik det er søkt om. Dispensasjonen er gitt under føresetnad av at det i eiga sak er gitt delingssamtykke etter jordlova der eventuelt vilkår for slikt samtykke må oppfyllest før delinga kan finne stad. Formannskapet gir samstundes delingsløyve etter pbl §20-1 m) for den same tomte, med verknad frå det tidspunktet dispensasjonsvilkåret er oppfylt.

## **PS 40/17 K - 13/3 - Straumen, Vråvegen 21 - Massetak - lovbrotsgebyr - klage**

### **Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet tek klaga delvis til fylgje ved at lovbrotsgebyret for Skorve anlegg AS blir redusert med kr 10 000 til kr 15 000, og for Halvor Nordbø frå kr 12 500 til kr 7 500.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 27.04.2017**

#### **Behandling i møtet:**

Tarjei Draugedalen bad formannskapet vurdere habiliteten som part i sak. Samrøystes funne ugild.

SP v Bjørn Nordskog kom med framlegg om at klaga ikkje verte teke til fylgje.

Framlegget frå SP vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Klaga vert ikkje teke til fylgje.

## **PS 41/17 K - 15/48 m.fl. - Reguleringsplan Fossøy - mindre planendring**

### **Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet godkjenner i medhald av pbl §12-14 mindre endringar av reguleringsplanen Fossøy: slik:

Plankartet: Arealet for SH1 blir auka frå 48 til 64 båtplassar.

Planføresegnene: Føresegn §5.1 (a) får dette tillegget:

*I felt H-6, tomt nr. 1 og nr. 4 kan det byggjes hytte med underetasje. Maksimal mønehøyde for disse to tomtene målt frå topp golv i sokkeletasjen kan være 7,5 m.*

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 27.04.2017**

#### **Behandling i møtet:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Formannskapet godkjenner i medhald av pbl §12-14 mindre endringar av reguleringsplanen Fossøy: slik:

Plankartet: Arealet for SH1 blir auka frå 48 til 64 båtplassar.

Planføresegnene: Føresegn §5.1 (a) får dette tillegget:

*I felt H-6, tomt nr. 1 og nr. 4 kan det byggjes hytte med underetasje. Maksimal mønehøyde for disse to tomtene målt frå topp golv i sokkeletasjen kan være 7,5 m.*

## **PS 42/17 K - 14/55 - Roarfeltet tomt 14 - tomt som tilleggsareal til g/bnr 14/193 - dispensasjon**

### **Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå tomteinndelinga i reguleringsplanen Roarfeltet slik at tomt 14 kan gå som tilleggsareal til g/bnr 14/193. Formannskapet gir også i medhald av pbl §20-1 m) delingsløyve for ei frådelling av tomt 14 på vilkår av at tomta blir samanføya med g/bnr 14/193. Kommunen kan ikkje gjennomføre oppmålingsforretninga utan at eigar av arealet rekvirerer oppmålinga.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 27.04.2017**

#### **Behandling i møtet:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå tomteinndelinga i reguleringsplanen Roarfeltet slik at tomt 14 kan gå som tilleggsareal til g/bnr 14/193. Formannskapet gir også i medhald av pbl §20-1 m) delingsløyve for ei frådelling av tomt 14 på vilkår av at tomta blir samanføya med g/bnr 14/193. Kommunen kan ikkje gjennomføre oppmålingsforretninga utan at eigar av arealet rekvirerer oppmålinga.

## **PS 43/17 K - 5/1 - Vrå nordre - Uttak av sprengt stein frå dyrka mark - dispensasjon**

### **Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon for uttak av fjellmasse på ca. 8 000 m<sup>3</sup> til fri omsetjing, frå jordbruksareal på g/bnr 5/1, slik det er søkt om.

Det blir sett fylgjande vilkår for uttaket:

- All matjord og annan lausmasse skal leggest til side og tilbakeførast når fjellmassane er tatt ut slik at arealet snarast råd kan nyttast til jordbruk.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 27.04.2017**

#### **Behandling i møtet:**

Tarjei Draugedalen bad formannskapet vurdere habiliteten pga forretningsforbindelse med søkjer. Samrøystes funne ugild.

Ordføraren kom med framlegg om at saka vart utsett. Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Saka vert utsett.

## **PS 44/17 K - 81/14 - Brattland - deling - dispensasjon**

### **Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon for frådeling av ca. 3 200 m<sup>2</sup> frå g/bnr 81/14 slik det er søkt om. Det er eit vilkår at arealet går som tilleggsareal til g/bnr 81/18, og blir samanføya med dette og g/bnr 81/31.

Formannskapet gir samstundes i medhald av pbl §20-1 m) delingsløyve for dette arealet.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 27.04.2017**

#### **Behandling i møtet:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon for frådeling av ca. 3 200 m<sup>2</sup> frå g/bnr 81/14 slik det er søkt om. Det er eit vilkår at arealet går som tilleggsareal til g/bnr 81/18, og blir samanføya med dette og g/bnr 81/31.

Formannskapet gir samstundes i medhald av pbl §20-1 m) delingsløyve for dette arealet.

## **PS 45/17 K - 103/5 - Heggveit nordre - frådeling av tomt med heilårsbustad - dispensasjon**

### **Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå deleforbodet i LNF-område for frådeling av ei ca. 1 500 m<sup>2</sup> stor tomt rundt eksisterande einebustad på g/bnr 103/5, slik det er søkt om. Dispensasjonen er gitt under føresetnad av at det i eiga sak er gitt delingsamtykke etter jordlova.

Formannskapet gir samstundes delingsløyve etter pbl §20-1 m) for den same tomta.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 27.04.2017**

#### **Behandling i møtet:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Formannskapet gir i medhald av pbl §19-2 dispensasjon frå deleforbodet i LNF-område for frådeling av ei ca. 1 500 m<sup>2</sup> stor tomt rundt eksisterande einebustad på g/bnr 103/5, slik det er søkt om. Dispensasjonen er gitt under føresetnad av at det i eiga sak er gitt delingsamtykke etter jordlova.

Formannskapet gir samstundes delingsløyve etter pbl §20-1 m) for den same tomta.

## **PS 46/17 K - 13/3 - Dispensasjon masseuttak - lovleghetskontroll av formannskapsvedtak - uttale**

### **Rådmannen si tilråding:**

Formannskapet viser til vurderingsavsnittet i saksframstillinga, og finn ikkje grunn til å ta saka opp på nytt. Kravet om lovleghetskontroll av dispensasjonsvedtaket blir sendt til fylkesmannen.

## **Saksprotokoll i Formannskapet - 27.04.2017**

### **Behandling i møtet:**

Tarjei Draugedalen bad formannskapet vurdere habiliteten som part i sak. Samrøystes funne ugild.

Rådmann si tilråding var samrøystes vedteke med 6 røyster.

### **Vedtak:**

Formannskapet viser til vurderingsavsnittet i saksframstillinga, og finn ikkje grunn til å ta saka opp på nytt. Kravet om lovleghetskontroll av dispensasjonsvedtaket blir sendt til fylkesmannen.

## **PS 47/17 Rullering av kommuneplanen - varsling av planstart - forslag til planprogram - høyring/offentleg ettersyn**

### **Rådmannen si tilråding:**

I medhald av pbl §11-13 legg formannskapet forslag til planprogram for rullering av kommuneplanen, samfunnsdelen og arealdelen, slik det går fram av vedlegget til denne saka, ut til offentleg ettersyn, ettersynsperiode 28.04.-09.06.17. Forslaget blir og i medhald av same lovparagraf sendt på høyring, høyringsfrist 09.06.17.

Samstundes får rådmannen i oppdrag å varsle oppstart av planarbeidet, jf også her pbl §11-13, der det i kunngjeringa skal visast til det framlagte forslaget til planprogram.

## **Saksprotokoll i Formannskapet - 27.04.2017**

### **Behandling i møtet:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

I medhald av pbl §11-13 legg formannskapet forslag til planprogram for rullering av kommuneplanen, samfunnsdelen og arealdelen, slik det går fram av vedlegget til denne saka, ut til offentleg ettersyn, ettersynsperiode 28.04.-09.06.17. Forslaget blir og i medhald av same lovparagraf sendt på høyring, høyringsfrist 09.06.17.

Samstundes får rådmannen i oppdrag å varsle oppstart av planarbeidet, jf også her pbl §11-13, der det i kunngjeringa skal visast til det framlagte forslaget til planprogram.

## **PS 48/17 Vedlikehaldsplan for kommunale vegar - 2017**

### **Rådmannen si tilråding:**

Kommunestyret tek vedlikehaldsplanen for kommunale vegar til vitande. For å utføre naudsynt vedlikehald vert det kjøpt inn ny kantklippar. Kjøp av ny traktor vert utsett inntil sak om privatisering av vegar er avgjort.

## **Saksprotokoll i Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift - 14.03.2017**

### **Behandling i møtet:**

Utvalet diskuterte seg fram til følgjande framlegg:



Andre setning i rådmannen si tilråding vert stryke.  
Kommunen undersøker om det er interesse for funksjonskontrakt blant lokale entreprenører.  
Kjøp av kantklippar utsettast til dette er avklara.

**Vedtak:**

Kommunestyret tek vedlikehaldsplanen for kommunale vegar til vitande.  
Kjøp av ny traktor vert utsett inntil sak om privatisering av vegar er avgjort.  
Kommunen undersøker om det er interesse for funksjonskontrakt blant lokale entreprenører.  
Kjøp av kantklippar utsettast til dette er avklara.

**Saksprotokoll i Formannskapet - 27.04.2017**

**Behandling i møtet:**

HST si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kommunestyret tek vedlikehaldsplanen for kommunale vegar til vitande.  
Kjøp av ny traktor vert utsett inntil sak om privatisering av vegar er avgjort.  
Kommunen undersøker om det er interesse for funksjonskontrakt blant lokale entreprenører.  
Kjøp av kantklippar utsettast til dette er avklara.

**PS 49/17 Finansiering kloakkpumpeledning frå Vrådal Skisenter til Vrådal reinseanlegg**

**Rådmannen si tilråding:**

Kommunestyret aukar budsjettet for kloakkledning i Vrådal frå 4.850.000,- til 8.700.000,-.  
Økonomiske konsekvensar av kostnaden vert innarbeid i budsjett og økonomiplan i neste tertialrapport. Auka utgifter vert fortrinnsvis dekt med auke i tilkoplingsgebyr.

**Saksprotokoll i Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift - 25.04.2017**

**Behandling i møtet:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kommunestyret aukar budsjettet for kloakkledning i Vrådal frå 4.850.000,- til 8.700.000,-.  
Økonomiske konsekvensar av kostnaden vert innarbeid i budsjett og økonomiplan i neste tertialrapport. Auka utgifter vert fortrinnsvis dekt med auke i tilkoplingsgebyr.

**Saksprotokoll i Formannskapet - 27.04.2017**

**Behandling i møtet:**

HST si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kommunestyret aukar budsjettet for kloakkledning i Vrådal frå 4.850.000,- til 8.700.000,-.  
Økonomiske konsekvensar av kostnaden vert innarbeid i budsjett og økonomiplan i neste tertialrapport. Auka utgifter vert fortrinnsvis dekt med auke i tilkoplingsgebyr.

## **PS 50/17 Søknad om tilskot - Morgedal Hotell**

### **Rådmannen si tilråding:**

Kviteseid kommune løyver kr 400 000,- i 2017 og kr 200 000,- i 2018 til Morgedal Hotell Drift AS v/ Halstein Sjølie.

Pengane skal brukast til dei skisserte tiltaka i søknaden.

a) Jfr pkt 3 i utfyllande retningslinjer for bruk av næringsfondet, kan Kviteseid kommune gjennomføre kontroll av bruken av tilskotet. Dersom det seinare syner seg at føresetnadene for tilskotet ikkje er fylgd opp, eller at dei faktiske opplysningane som søknaden bygde på ikkje stemte med dei faktiske tilhøva, kan kommunen krevje attendebetalt heile eller delar av tilskotet.

b) Løyvinga i 2017:

Kr 183 214,- vert å take frå det fylkeskommunale næringsfondet; konto 147026, ansvar 4317, teneste 3250.

Status på det fylkeskommunale næringsfondet pr april 2017 før tilrådd løyving er kr 183 214,-

Status på det fylkeskommunale næringsfondet pr. april 2017 etter tilrådd løyving er kr 0,-

Kr 216 786,- vert å take frå bunde næringsfond; konto 147026 ansvar 4303, teneste 3250.

Status på bunde næringsfond pr. april 2017 før tilrådd løyving kr 390 000,-.

Status på bunde næringsfond pr. april 2017 etter tilrådd løyving kr 173 214,-

c) Løyvinga i 2018

Kr 200 000,- vert å take frå eitt av næringsfonda.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 27.04.2017**

#### **Behandling i møtet:**

SP v Anne Birgit Sollid kom med fylgjande framlegg:

«Formannskapet ynskjer å løyve kr 400 000,- i 2017 og kr 300 000,- i 2018 til Morgedal Hotell Drift A/S.»

Rådmannen si tilråding vart sett opp mot SP sitt framlegg. SP sitt framlegg vart vedteke mot 1 røyst.

#### **Vedtak:**

Kviteseid kommune løyver kr 400 000,- i 2017 og kr 300 000,- i 2018 til Morgedal Hotell Drift AS v/ Halstein Sjølie.

Pengane skal brukast til dei skisserte tiltaka i søknaden.

a) Jfr pkt 3 i utfyllande retningslinjer for bruk av næringsfondet, kan Kviteseid kommune gjennomføre kontroll av bruken av tilskotet. Dersom det seinare syner seg at føresetnadene for tilskotet ikkje er fylgd opp, eller at dei faktiske opplysningane som søknaden bygde på ikkje stemte med dei faktiske tilhøva, kan kommunen krevje attendebetalt heile eller delar av tilskotet.

b) Løyvinga i 2017:

Kr 183 214,- vert å take frå det fylkeskommunale næringsfondet; konto 147026, ansvar 4317, teneste 3250.

Status på det fylkeskommunale næringsfondet pr april 2017 før tilrådd løyving er kr 183 214,-

Status på det fylkeskommunale næringsfondet pr. april 2017 etter tilrådd løyving er kr 0,-

Kr 216 786,- vert å take frå bunde næringsfond; konto 147026 ansvar 4303, teneste 3250.

Status på bunde næringsfond pr. april 2017 *før* tilrådd løyving kr 390 000,-.  
Status på bunde næringsfond pr. april 2017 *etter* tilrådd løyving kr 173 214,-

c) Løyvinga i 2018  
Kr 300 000,- vert å take frå eitt av næringsfonda.

## **PS 51/17 Årsrekneskap 2016 - Kviteseid kommune**

### **Rådmannen si tilråding:**

Kviteseid kommunestyret godkjenner årsrekneskapen 2016 for Kviteseid kommune slik den er lagt fram.

### **Saksprotokoll i Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift - 25.04.2017**

#### **Vedtak:**

Utvalet tek samrøystes Årsrekneskap 2016 til vitande.

### **Saksprotokoll i Arbeidsmiljøutvalet - 26.04.2017**

#### **Behandling i møtet:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Arbeidsmiljøutvalet tek årsrekneskap 2016 for Kviteseid kommune til orientering.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 27.04.2017**

#### **Vedtak:**

Formannskapet tek samrøystes Årsrekneskap 2016 til vitande.

## **PS 52/17 Årsmelding 2016 - Kviteseid kommune**

### **Rådmannen si tilråding:**

Kommunestyret tek årsmeldinga 2016 til orientering.

### **Saksprotokoll i Hovudutvalet for samfunnsutvikling og teknisk drift - 25.04.2017**

#### **Vedtak:**

Utvalet tek samrøystes Årsmelding 2016 til vitande.

### **Saksprotokoll i Arbeidsmiljøutvalet - 26.04.2017**

#### **Behandling i møtet:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Arbeidsmiljøutvalet tek årsmelding 2016 for Kviteseid kommune til orientering.

**Saksprotokoll i Formannskapet - 27.04.2017**

**Vedtak:**

Formannskapet tek samrøystes Årsmelding 2016 til vitande.